



Jens H. N. Bjordal
Pb. 92
5906 FREKHAUG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/8614 - 21/46199

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
26.06.2021

Ferdigattest - gbnr 305/94 riving og oppføring av hytte Fløksand

Administrativt vedtak: Saknr: 738/21
Tiltakshavar: Yvonne Miroslawa Rouppert
Ansvarleg søkjar: Jens H. N. Bjordal
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for riving og oppføring av ny hytte på gbnr 305/94.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 20/8614 datert 07.09.2020. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 24.04.21 og supplert 25.06.21.

Skildring

Adresse:	Bjørndalsvegen 38 5914 Rossland
Bygningstiltak:	Riving og oppføring av ny hytte
Bygningsnummer:	300826892
Bruksareal:	24 m ²

Avlaup:	ingen
Vatn:	ingen
Tal på røykløp:	0

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/8614

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Yvonne Miroslawa Rouppert Ivarhaugen 11 5306 ERDAL

Mottakarar:

Jens H. N. Bjordal Pb. 92 5906 FREKHAUG